

## Tre nye arbeidstakarar på AFA?

30.05.2008



Tor Vidar Sæle (til høgre) håpar at også politikarane vil gå med på ein plassauke ved AFA. Her orienterar han ordførar Synnøve Solbakken og varaordførar Synnøve Handeland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No har dagleg leiar Tor Vidar Sæle ved AFA søkt kommunen om at den så snart som råd tek stilling til ein plassauke med tre arbeidstakarar ved AFA, slik at det blir sysselsett 30 der. NAV har nyleg tildelt tre plassar, to med oppstart frå 1. juli og ein med oppstart 1. august.**

Kommunen er hovudaksjonær i AFA med 90 prosent av aksjane. Det har lenge vore behov for å auke talet på plassar ved bedrifta og plassauken blir av Sæle beteinna som eit gledeleg nyhende i utviklinga av lokale tiltak for dei som elles fell utanfor arbeidslivet.

Kommunen har hatt ei positiv haldning til ein auke men utan at ein i NAV har kunna prioritere ei utviding. Det er 5 kandidatar til dei nye plassane.

Den kommunale medfinansieringa for 2008 er 28.245 kroner pr. plass for heile året, noko som utløyser statleg medfinansiering på 112.980 kroner pr. plass med fråtrekk for tida før ein kan ta dei eventuelle nye plassane i bruk. Samla sum når det gjeld plassauke vil ikkje overstige 41.000 i meirkostnad for kommunen, påpeikar dagleg leiar.

NAV arbeid yter hovuddelen av driftstilskotet. Dei resterande midlane, minst 25 prosent av Staten sitt driftstilskot, vert dekkja av kommunen.

Av Ola Matti Mathisen